

...STARTEN PÅ EIT GODT LIV...



Felles årsplan for Gol barnehage



INNLEIING	3
1. VERDIGRUNNLAGET TIL GOL BARNEHAGE	4
1.1. VISJON FOR GOL BARNEHAGE:.....	4
1.2. GOL BARNEHAGE SITT PEDAGOGISKE GRUNNSYN:	4
1.3. LOV OM BARNEHAGAR MED FORSKRIFTER (REVIDERT 01.08.2010):	5
1.4. RAMMEPLAN (REVIDERT 1.8.2017):	5
1.5. BARNEHAGEN SITT ARBEID MED DEMOKRATI:	5
1.6. BARNEHAGEN SITT ARBEID MED MANGFALD OG GJENSIDIG RESPEKT:	6
1.7. BARNEHAGEN SITT ARBEID MED LIKESTILLING OG LIKEVERD:.....	6
1.8. BARNEHAGEN SITT ARBEID OM OG MED BEREKRAFTIG UTVIKLING:	7
1.9. BARNEHAGEN SITT ARBEID MED LIVSMEISTRING OG HELSE:.....	7
2. INFORMASJON OM GOL BARNEHAGE, VÅRT ANSVAR OG VÅRE ROLLER	8
2.1. OVERSIKT OVER AVDELINGANE I GOL BARNEHAGE (BARNEHAGEHUSA):	8
2.2. DAGSRYTME I BARNEHAGEN:	9
2.3. GOL BARNEHAGE, ADMINISTRASJON:	9
2.4. EIGAR:.....	9
2.5. STYRAR:.....	9
2.6. PEDAGOGISK LEIAR OG ANNA TILSETTE VED KVAR AVDELING:	9
2.7. PERSONALSAMARBEID:	10
2.8. VEDTEKTER FOR GOL BARNEHAGE:	10
2.9. TILSYN:.....	10
3: FORMÅLET MED OG INNHALDET I BARNEHAGEN	11
3.1. INFORMASJON OM INNHALDET I BARNEHAGEKVARDAGEN:	11
3.2. ARBEID MED OMSORG:	11
3.3. ARBEID MED LEIKEN:	12
3.4. ARBEID MED DANNING:	12
3.5. ARBEIDET MED Å FREMJE LÆRING:	12
3.6. ARBEIDET MED VENNSKAP OG FELLESSKAP:	13
3.7. ARBEID MED KOMMUNIKASJON OG SPRÅK:	13
3.8. SAMISKE BARN:	14
4: ARBEIDET MED BARNES MEDVERKNAD	14
5. SAMARBEID MELLOM HEIMEN OG BARNEHAGEN	15
5.1. FORELDRESAMARBEID:	15
5.2. BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL HEIMEN:	15
5.3. SAMARBEIDSUTVAL:	16
5.4 FORELDRERÅD:.....	16
6. OVERGANGAR	17
6.1. OPPSTART FOR NYE BARN:	17
6.2. ARBEID MED OVERGANGAR I BARNEHAGEN, ELLER MELLOM BARNEHAGAR:	17
6.3. SAMARBEID MED SKULEN; OVERGANG BARNEHAGE – SKULE:	17
7. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD	18
7.1. INNHALD:.....	18
7.2. ÅRSPLAN:.....	18
7.3. ARBEID MED TEMA OG PROSJEKT MED BARN:	19
7.4. PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG EVALUERING:	19
7.5. PROSJEKT-/UTVIKLINGSARBEID FOR PERSONALET:	19
7.6. BARN MED BEHOV FOR INDIVIDUELL TILRETTELEGGING:	20
7.7 ANSVARSGRUPPEMØTE:.....	20
7.8. UTARBEIDING AV INDIVIDUELL UTVIKLINGSPLAN (IUP):	20
7.9. TVERRFAGLEG SAMARBEID:.....	20
7.10. SORG -OG KRISE TEAM:	20
8. ARBEIDSMÅTANE I BARNEHAGEN	21
8.1: PROGRESJON:	21

8.2 AUTORITATIV VAKSENSTIL:.....	21
8.3: ARBEIDET MED 1-2 ÅRINGAR:	21
8.4: ARBEIDET MED 3-4 ÅRINGAR:	22
8.5: ARBEIDET MED 5-/6-ÅRINGANE:	22
8.6 TRAFIKKTRYGGLEIK:.....	23
8.7: DEN DIGITALE PRAKSIEN I BARNEHAGEN:.....	23
9: FAGOMRÅDA I BARNEHAGEN	23
9.1: DEI 7 FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN:	23
9.2: FAGOMRÅDE KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST:	24
9.3: FAGOMRÅDET KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE:	24
9.4: FAGOMRÅDE KUNST, KULTUR OG KREATIVITET:.....	24
9.5: FAGOMRÅDET NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI:	25
9.6: FAGOMRÅDET MENGDE, ROM OG FORM:.....	25
9.7: FAGOMRÅDET ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI:.....	25
9.8: FAGOMRÅDET NÆRMILJØ OG SAMFUNN:.....	26

Innleiing

Norske barnehagar skal tilby barn under skulepliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til beste for barn. Det skal vera både ei pedagogisk verksemd for barna og eit velferdstilbod til småbarnsforeldre. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling.

Årsplanen for Gol barnehage er delt inn i to dokument der Felles årsplan er del 1, og årsplanen for dei ulike avdelingane er del 2. Årsplanen til dei ulike avdelingane tek utgangspunkt i Felles årsplan.

Årsplanen er ei oversikt over kva barnehagane skal tilby barn og foreldre. Her er informasjon om praktiske ting, og informasjon om kva foreldra bør følgje opp/ta ansvar for. Det står også noko om barnehagen sin organisering og eigarform.

Felles årsplan blir levert ut til foreldra når barnet startar opp i barnehagen, og vil vera gjeldande for heile barnehagetida. Eventuelle endringar vil komma som tillegg. Planen er også ei orientering til politikarar, samarbeidspartnarar og andre interesserte.

Felles årsplan er laga med utgangspunkt i Lov om barnehagar og rammeplanen for barnehagar frå 01.08.2017.

Årsplanen for den enkelte avdeling blir revidert ein gang pr. år.

Meir informasjon om Gol barnehage, vedtekter, Breidokk / Herad / Vesterhuset barnehage, samt planar / rutinar er å finne på heimesida: www.gol.kommune.no. Les også Utdanningsdirektoratet si nettside <https://www.udir.no/> om rammeplan (R17) og anna kvalitetsarbeid.

Gol barnehage, november 2025

Christine Berge Ravnanger
Virksomhetsleder
Gol barnehage

Gunn-Marit Aarset
Assisterende virksomhetsleder
Gol barnehage

1. Verdigrunnlaget til Gol barnehage

1.1: Visjon for Gol barnehage:

...starten på eit godt liv...

Gol barnehage skal vere eit godt sted å vere for både barna, foreldra og personalet. Barnehagen skal vere med på å danne eit godt grunnlag for god utvikling vidare i livet.

1.2: Gol barnehage sitt pedagogiske grunnsyn:

Vårt pedagogiske grunnsyn er eit uttrykk for dei verdiar, haldningar, den kunnskapen personalet har og korleis vi utøver vaksenrolla overfor barna.

- **Barnets beste:** i samarbeid med foreldra skal vi sjå det enkelte barn sine behov og ståstad ved barnehagestart, og bygge vidare på dette gjennom heile barnehagetida.
- **Barndommens eigenverdi:** skal vere prega av trivsel, vennskap og leik.
- **Tidleg innsats:** for å fremme god utvikling hos alle barn.

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Vi forpliktar oss til å arbeide etter desse måla og verdiane:

Omsorg og anerkjenning:	Leik:	Læring:	Danning:
Omsorg i fire nivå: fysisk, Kjenslemessig, aleinetid ved behov og pedagogisk omsorg. Anerkjenning som bygger på respekt, ein inkluderande praksis og gode haldningar til barn og vaksne uavhengig av kjønn og kultur. Vaksne som har eit oppmerksamt nærvær og er til stades med heile seg. Sjå også punkt 3.3 i planen.	Leik som eigenverdi og som den viktigaste kvardagsaktiviteten i barnehagen. Leiken som øving i samspel i eit inkluderande fellesskap. Deltakande og bevisste vaksne som går «foran», «ved sidan av» og «bak» leiken for å rettleie og støtte barna.	Eit læringsmiljø som inneber eit godt mellommenneskeleg og stimulerande miljø. Vaksne som reflekterer rundt eigen praksis gjennom heile dagen for å fremme språkleg og sosial kompetanse hos barna Fokus på progresjon for å fremje utvikling og framgang.	Fremje danning for å gje barn allsidig utvikling. Danning skjer i samspel med omgjevnadane og med andre. Vaksne legger til rette for meningsfylte opplevingar og støtter identitetsutviklinga. Barn får positive opplevingar i nærmiljøet og utviklar tilhøyrse til bygda vår Gol.

I arbeidet med dette skapar vi trivsel i eit miljø prega av trygghet, glede og fellesskap!

1.3: Lov om barnehagar med forskrifter (revidert 01.08.2010):

Norsk lov bygger på FN sin Barnekonvensjon og menneskerettighetene.

§ 1 Formål:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og dannelse som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlige, tilgivelige, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettene.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang. De skal lære å ta vare på seg selv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medverking tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

§ 2 Barnehagen sitt innhold:

Utdrag fra §2: «Barnehagen skal være en pedagogisk teneste. Barnehagen skal gi barn mulighet for lek, livsutfoldning og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.»

1.4: Rammeplan (revidert 1.8.2017):

Alle barnehager har fra 01.01.1996 hatt en felles rammeplan som fastsett mye av innholdet i barnehagen.

Forskrift til Lov om barnehager § 2 om barnehagens innhold: Rammeplanen gir personalet en forpliktende ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering. Den gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, for innhold og oppgaver. Rammeplanen bygger på konvensjoner som Norge har sluttet seg til, mellom annet FN's barnekonvensjon.

Barnehagen sitt innhold skal bygge på et helstakeleg læringsyn, der omsorg, lek og læring er sentrale deler.

Barnehagen skal:

- vera ei pedagogisk verksemd
- støtte heimen i deira omsorg – og oppdragsoppgaver
- fremme menneskeleg likeverd og forståing for berekraftig utvikling
- gje grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle områder
- formidle verdier og kultur

1.5: Barnehagen sitt arbeid med demokrati:

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
• Alle barn får høve til å ytre seg, bli høyrd og til å delta • Barna får respekt for ulikskapar og positive haldningar til å leve saman i fellesskap.	• La barna bidra og medverke til innhaldet i barnehagen uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheter • Bidra til at barna får forståing for og sluttar opp om demokratiske verdier og normer som ligg til grunn for det samfunnet vi har i dag.

Barnehagen gjennomfører barnesamtaler ut i fra barna sin alder og uttrykksevne.

Filosoferer og samtaler i små og store grupper om mangfald, regler og om det å ta omsyn til kvarandre.

1.6: Barnehagen sitt arbeid med mangfald og gjensidig respekt:

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
• Barna får oppleve at det finnes mange måtar å tenke, handle og leve på • Undre seg over likskap og forskjellar • Barna blir sett og anerkjent for den de er, og opplever at de er gode nok.	• Synleggjere variasjonar i verdier, religion og livssyn • Formidle viktighet av kulturmøte, og gi rom for barna si eigen kulturskaping i sosiale og kulturelle fellesskap • Synleggjere mangfaldet av familieformer • Ta vare på mangfaldet i barnehagen, og ha evna til å sjå det unike i kvart barn og løfte det fram • Synleggjere ulike nasjonalitetar i barnehagen til dømes med bildar, tekst, leiker og flagg. Samarbeide med foreldra, kva er viktig for deira kultur • Samarbeid med Gol Vaksenopplæring når foreldre er elevar her.

Barnehagen nyttar seg mellom anna av fleire typar bøker og nettressursar som til dømes Morsmal.no, Nasjonalt senter for fleirspråkleg opplæring, bokserien «Fest og feiring» om ulike religionars høgtider. Kvart år legg barnehagane opp til periodar med ekstra fokus på internasjonalt arbeid. Barnehagen markera dei tradisjonelle norske høgtidene og har m.a. samarbeid med kyrkja i samband med jul. Barnehagen har anna aktivitet for dei som ikkje deltek i kyrkja, dette i dialog med foreldra.

Gol barnehage har utarbeida rutine for korleis ein kan møte eit nytt fleirkulturelt barn og deira familie. Barnehagen hentar inn opplysningar, og gir informasjon før barnet begynner i barnehagen. Det er godt samarbeid med kommunen si integreringsteneste, og saman har vi utarbeida ei rutine som vi nyttar ved mottak av nykomne flyktningar.

Det nyttast tolk ved behov både i foreldresamtaler og foreldremøte.

Vi er oppteken av å få kunnskap om dei ulike landa som er representert i barnehagen, og vi skal vise respekt og anerkjenning for minoritetar.



1.7: Barnehagen sitt arbeid med likestilling og likeverd:

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
• Gutar og jenter har lik mogelegheit til å bli sett og høyrte • Barna blir oppmuntra til å delta i fellesskapet i alle aktivitetar i barnehagen	• Reflektere over eigne haldningar og samfunnet sine forventningar til gutar og jenter • Oppdra barn til å møte og skape, eit

Gutar og jenter blir stimulert til å velje og leike med kvarandre gjennom heile barnehagetida.	likestilt samfunn - Legge til rette slik at barn kan delta i alle aktivitetar uavhengig av kjønn og kultur - Motverke alle former for diskriminering og fremme nestekjærleik.
--	---

I 2015 blei det utarbeida ein plan for likestilling i barnehagen som gjeld for alle barnehagane i Hallingdal, sjå Gol kommune si heimesida. Denne planen er utgangspunkt for barnehagen sin tenking og arbeid med tema likestilling og likeverd.

1.8: Barnehagen sitt arbeid om og med berekraftig utvikling:

Barn sitt utbytte:	Vaksne skal:
- Barna får naturopplevingar så dei får moglegheit til å oppleve tilhøyrsløse til naturen - Får erfaringar med å gi omsorg og ta vare på omgivnadane og naturen - Lærer å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen - Forståing for at dagens handlingar har konsekvensar for framtida.	- Legge opp til varierte turar i naturen - Fremme verdiar, haldningar og praksis for eit meir berekraftig samfunn - Ta barna i barnehagen med på arbeid med «Miljøfyrtårn» som mellom anna omhandlar kjelde-sortering og bevisstheit rundt berekraftig utvikling.

Barnehagen har medlemskap i «Klimarekruttane». Her kan barnehagane hente informasjon og idear til å arbeidet med berekraftig utvikling. Barnehagane har eit stort fokus på uteleik og turar i naturen. To av tre barnehagar er Miljøfyrtårnsertifisert.

1.9: Barnehagen sitt arbeid med livsmeistring og helse:

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
- Kunne like seg sjølv, har livsglede - På god vei til å klare seg sjølv - Utviklar ein god fysisk og psykisk helse - Tåler motstand - Kunne regulere seg sjølv - Blir kjent med eigne og andre sine følelsar - Opplever eit inkluderande miljø - Opplever trygge vaksne rundt seg. 	- Vere gode rollemodellar - Ha evne til å sjå bakanfor barna sin åtferd «sjå barnet innanifrå» - Kunne møte heile følelsesspekteret til barna - Vere tydelege ovanfor barna om at dei er verdt noko i seg sjølv heilt uavhengig av prestasjonar - Vere med å bidra til å utjamne sosiale forskjellar - Vere med å bygge ein «vi-følelse» mellom barn-barn, barn-vaksne, vaksne-vaksne - Legge til rette for sunne matvanar - La barna delta aktivt i kvardagsaktivitetar - Gje barna mogelegheit for ro, kvile og avslapping i løpet av dagen - Ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep - Kjenne til opplysningsplikta til barnevernstenesta.

Frå 2018 blei Gol barnehage i samarbeid med Gol skule og dei andre kommunane i Hallingdal med i det nasjonale prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Målsettinga i prosjektet er mellom anna bevisstheit rundt kva krenkingar og mobbing er, samt førebygging, avdekking og handtering av krenkelsar og mobbing.

I 2021 blei det utarbeida ein eigen plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø. I planen er det fokus på det førebyggjande arbeidet mot mobbing og krenkelsar, og på plikta vår til å gripe inn viss barna ikkje har det bra i barnehagen jf. §42 og 43 i Barnehagelova.

Det er utarbeida eigen rutine for kva ein gjer ved mistanke om vald og overgrep, samt når ein er bekymra for barn sin omsorg og har plikt til å melde til Hallingdal barnevernteneste.

Gol barnehage har eigen kosthaldsplan med utgangspunkt i retningslinjer frå Helsedirektoratet. Det er laga eigne rutinar med utgangspunkt i forskrift om miljø og helse i barnehage og skule.

Bøker og pedagogiske verktøy blir nytta, slik som «Steg for steg», «Musa Marius» Redd barna sitt førebyggingsprogram mot vald og seksuelle overgrep samt bøker som «Jeg er meg min meg» m.m.



2. Informasjon om Gol barnehage, vårt ansvar og våre roller

2.1: Oversikt over avdelingane i Gol barnehage (barnehagehusa):

BREIDOKK barnehage:

Avdelingane **Stabburet** (9-12 plassar, 1-2 år), **Løa** (9-12 plassar, 1-3 år), **Stallen** (18-24 plassar, 3-5 år) i Tunvegen, og naturavdeling **Hallingmo** (18 plassar, 3-5 år) i Gymnasvegen.

HERAD barnehage:

Avdelingane **Maurtua** (9-12 plassar, 1-2/3 år), **Bikuba** (9-12 plassar, 1-2 år), **Revehiet** (12 plassar, 2-3 år), **Gaupefaret** (18 plassar, 3-5 år) og **Elgtråkket** (18 plassar, 3-5 år).

VESTERHUSET barnehage:

Avdelingane **Åsen** (9-12 plassar, 1-2 år), **Botten** (12-15 plassar, 2-3 år), **Reppen** (18 plassar, 3-5 år) og **Lia** (18 plassar 3-5 år).

I alle barnehagane kan ein søkje plass frå 3 til 5 dagar (heil plass). Sjå vedtektene for Gol barnehage om retten til barnehageplass.

2.2: Dagsrytmen i barnehagen:

Normal opningstid i Gol barnehage:

Barnehagane opnar kl. 07.30 og stenger kl. 16.30, i tillegg er det mogeleg å søkje om utvida opningstid frå kl. 07.00 og til kl. 17.00.

Det er viktig at foreldre kjem til barnehagen i god tid før stengetid, slik at dei rekk å kle på barna, snakke litt med personalet, og elles avslutte dagen på ein god måte.

Foreldre får orientering om dagsrytmen ved sin avdeling, men i hovudsak ser den slik ut:

07.30:	Barnehagen opnar (viss ikkje anna er avtala)
08.30:	Frukost
10.00:	Alle barna skal vera komne (elles må ein melde frå til avdelinga)
10.00-11.30:	Leik ute / inne, samling, vaksenledda aktivitetar og turar
11.30:	Føremiddagsmat – småbarn kan ha anna rytme
Etter mat:	Uteleik. Soving for dei som har behov
14.30:	Fruktmåltid. Kvilestund/lesestund
15-16.30:	Leik ute / inne
16.30:	Barnehagen stengjer (viss ikkje anna er avtala)

2.3: Gol barnehage, administrasjon:

Administrasjonen har kontor på Gol kommunehus.

Tlf. 32 02 90 00 (tenestetorget)

Virksomhetsleiar, direktenummer 32 02 91 12

Assisterande virksomhetsleiar, direktenummer 32 02 91 10

Gol kommune sin offentlege e-post adresse:

Postmottak@Gol.kommune.no

2.4: Eigar:

Barnehagane er eigd av Gol kommune.

Virksomhetsleiar er leiar av verksemda Gol barnehage.

Gol barnehage sin administrasjon består av: 100% virksomhetsleiar og 75% assisterande virksomhetsleiar.

Utval for kultur og levekår (UKL) har den politiske handsaminga av barnehagesaker. Nokon saker går til vidare handsaming i formannsskap eller kommunestyre.

Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og regelverk.

2.5: Styrar:

Styrar er gitt det daglege ansvaret for det pedagogiske, personalmessige og administrative på sitt barnehagehus. Eit godt samarbeid med eigar, den pedagogiske leiinga og barnehagepersonalet elles er ein føresetnad. Styrar følgjer opp arbeidet med å planleggje, dokumentere, vurdere og utvikle innhaldet i og arbeidsmåtane til barnehagen og sørgjer for å involvere heile personalgruppa.

Kvar barnehage har ein styrar med 100% administrasjon, og ein assisterande styrar med 20% administrasjon. Gol barnehage legg stor vekt på godt samarbeid både i kvar barnehage og mellom barnehagane.

2.6. Pedagogisk leiar og anna tilsette ved kvar avdeling:

Kvar avdeling har 140-200% pedagogisk leiar/barnehagelærar som er gitt ansvaret for å setje i verk og leie det pedagogiske arbeidet i tråd med godt fagleg skjønn. Dei skal planleggje, gjennomføre, dokumentere, vurdere og utvikle arbeidet i barnegruppa eller innanfor dei

områda hen er sett til å leie. I tillegg er det fagarbeidar/assistent på avdelinga.

Ut over dette er det tilsette som arbeidar med støtte og spesialpedagogiske behov hos einskilde barn og grupper med barn. Ressursane blir fordelt mellom avdelingane i Gol barnehage.

Barnehagane har opplæring av lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget, og er øvingsbarnehage for utdanning av barnehagelærar.

2.7: Personalsamarbeid:

Eit godt personalsamarbeid gjev grunnlag for eit godt miljø for barna i barnehagen.

Måtar å samarbeide på:

- 6 planleggingsdagar pr. år til arbeid med årsplan, opplæring, evaluering og utvikling. Desse dagane er barnehagen stengt. Sjå årsplan /infohefte der datoar for planleggingsdagane står
- Fagmøte, alle tilsette i Gol barnehage kan bli delt inn i mindre grupper der dei kan ta opp saker som dei er opptatt av. Målet er at kollegaer skal kunne gje kvarandre gode råd, oppmuntre kvarandre til vidare arbeid
- Personalmøte på kveldstid, heile Gol barnehage samla eller delt inn i barnehagehus: informasjon, planlegging og fagleg utvikling/drøfting
- Avdelingsmøte på dagtid: Planlegging av pedagogisk arbeid, refleksjon over eigen praksis og evaluering
- Møter for pedagogisk leiarar
- Leiarmøte, leiarane ved kvart hus har månadlege møter med virksamhetsleiar for å koordinere drifta av barnehagen og fagleg utvikling
- Rettleiing; nyutdanna barnehagelærarar har rett til å få rettleiing dei to fyrste åra. Nytilsette med praksis får tilbod det fyrste året. Tilsette får rettleiing på ulike områder etter behov. Alle nytilsette assistentar utan barnehageerfaring får tilbod om grupperettleiing.

2.8: Vedtekter for Gol barnehage:

Vedtektene er vedtatt av kommunestyret. Dei gjev informasjon om dei rettane og pliktane ein har når ein tek imot ein barnehageplass i Gol barnehage. Eks: rutinar ved opptak, foreldrebetaling, ferieavvikling for barna. Dei gjeld for heile barnehagetida. Det blir gjeve skriftleg melding til foreldra ved eventuelle endringar i vedtektene. Både vedtektene og heftet «Velkomen til Gol barnehage» ligg på heimesida til Gol kommune.

2.9: Tilsyn:

Kommunen fører tilsyn med barnehagane etter Lov om barnehagar for å sjå til at drifta både er lovleg og fagleg god nok. Det er utarbeida ein tilsynsplan og rutinar for dette i samarbeid med dei andre kommunane i Hallingdal. Planen seier noko om kva type tilsyn kommunen som myndigheit har ansvar for.

Tilsynet vil ta utgangspunkt i paragrafar i barnehagelova. Tilsyn er oftast varsla, men kan også vere uvarsla.

3. Formålet med og innhaldet i barnehagen

3.1: Informasjon om innhaldet i barnehagekvardagen:

Innhaldet i barnehagen skal være allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa.


Foreldre får kvar månad utdelt ein "måndsplan" med evaluering av førre månad og planar/informasjon om månaden som kjem. Planen kan bli endra undervegs fordi personalet i høg grad tek omsyn til barnegruppa sine spontane ynskjer og behov (medverknad).

For å få veta meir om kva barnet har opplevd i løpet av barnehagedagen, snakkar foreldre med dei vaksne når dei hentar barnet om ettermiddagen. Vi nyttar digital informasjonsflyt og dokumentasjon frå barnehagekvardagen med kommunikasjonsverktøyet «Visma min barnehage». Dette kan vera utgangspunkt for vidare samtaler med barna eller med personalet.

«Spor» etter barna sin leik og aktivitet vil finnast som utstillingar rundt omkring på avdelinga.

3.2: Arbeid med omsorg:

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
• Alle barn har rett til omsorg • Barna opplever at dei blir sett, forstått og respektert • Barna opplever at dei får bekrefta på sine følelsar jf. «Trygghetssirkelen» sjå under • Barna kjenner at dei høyrer til i barnehagen • Barna kjenner at dei kan ta i mot omsorg frå både vaksne og barn, og at dei sjølv kan gi omsorg • Barnehagen markerer m.a. barna sin bursdag for at dei skal få, å vere, i sentrum på deira dag.	• Gje fysisk omsorg der den vaksne skal m.a. hjelpe barna med å dekke dei fysiske behova for mat, kvile, påkledning og bleieskift • Kjenslemessig omsorg der den vaksne er lydhør for barna sine signal, ein omsorg prega av nærleik og innleving. Barna skal bli anerkjent som den dei er og den vaksne skal sjå barnet «innanfrå» • Pedagogisk omsorg som er invitasjon i felles aktivitetar og den vaksne som er eit «støttande stillas» for barna. Ein omsorg som skal gje barn moglegheit til å vere i fred når det har behov for det • Vaksne skal strever etter å opptre som «større, sterkare, klokare og god» for barna.



3.3: Arbeid med leiken:

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
- Barna opplever at leiken gir glede - Gjennom leiken utviklar barna seg innom alle utviklingsområda, og dei utviklar sjølvkjensle og sjølvkontroll - Leiken gjev barna høve til å arbeide med inntrykk, og til å vera kreative - Gjennom leiken opplever barna fellesskap og vennskap.	- Skjerme god leik - Vera inspirator, deltakarar og leggja til rette med utstyr og opplevingar som utviklar leiken - Personalet må vera nærverande slik at dei veit kva leiken inneheld, kva barnet lærar/ opplever - Barn som ikkje leikar, som øydelegg andre sin leik, eller som blir utestengt frå leiken skal få særskilt hjelp, rettleiing og oppfølging av personalet og ev frå andre hjelpeinstansar ved behov - Personalet skal vere seg bevisst om kvar dei trengs for å vere ein støtte i leiken, bevisstheit rundt det «å gå foran, ved siden av eller bak» i leiken.



3.4: Arbeid med danning:

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
- Barna får hjelp til å oppfatte kva for handlingar og haldningar som er akseptable - Barna får moglegheit til å leggje eit godt grunnlag slik at dei kan forholde seg sjølvstendig og kritisk til normer og ulike formar for påverknad.	- Hjelpe barnet til å forstå at eigne handlingar kan gå utover andre. Ikkje alle handlingar er akseptable. Dei vaksne skal hjelpe barna i å reflektere over eigne handlingar - Arbeid med danning skal vera i tråd med verdigrunnlaget.

3.5: Arbeidet med å fremje læring:

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
Barna opplever eit stimulerande miljø; både fysisk og psykisk læringsmiljø som støtter opp under lysten til spennande og	Leggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna

utviklande leik, det å utforske, lære og mestre • Barna skal oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv, og få ny innsikt.	• Sørgje for progresjon og utvikling i innhaldet • Sørgje for varierte opplevingar, utfordringar og meistringsopplevingar • Være seg bevisst å ha et fysisk og psykisk læringsmiljø som er i utvikling/ending for å møte barn sine behov for stimulering.
---	---

3.6: Arbeidet med vennskap og fellesskap:

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
• Erfare at dei er viktige for fellesskapet • Ha eit positivt samspill med barn og vaksne • Meistrer balansen mellom å dekkje egne behov og ta omsyn til andre sine behov. • I samspel med andre utviklar det seg vennskap. Vennskap er svært viktig for barna si sjølvkjensle. Barna må lære korleis ein skaffar seg venner, dei skal oppleve å ha venner og å sjølv vera ein venn.	• Legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap • Førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging og mobbing og krenkingar.

Sjå i tillegg pkt 1.8 om Livsmeistring og helse.



3.7: Arbeid med kommunikasjon og språk:

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
• Barn utviklar aldersadekvat språk • Barn brukar språket for å delta aktivt i fellesskapet • Barn møter støtte og anerkjenning for sitt kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk.	• Vere tydelege og gode språkmodellar • Lese bøker, synge, rime og samtale med barna • Bruke konkretar og visuell støtte og alternativt supplerande kommunikasjon ved behov • Lytte til det barna formidlar (også non-verbal formidling). Oppmuntre til å undre seg og å stille spørsmål • Observere barn sin språkutvikling ved bruk av ulike verktøy slik som TRAS (tidleg registrering av språk) og sette inn tiltak ved behov.

Gol kommune har utarbeida ein plan for norsk språkutvikling som barnehage og skule er forplikta til å arbeide etter, planen ligg på Gol kommune si heimeside.

Departementet definerer minoritetsspråklege barn som barn der b   foreldra har ein annan spr  k- og kulturbakgrunn enn norsk, med unntak av barn som er fr   Norden eller har engelsk morsm  l.

Gol barnehage jobbar for Tidleg innsats. Det nyttast derfor ulike observasjonsverkt  y og enkle spr  ktestar for    vite kor vi skal sette inn ekstra st  tte ved behov. N  r barnehagen gjennomf  rer spr  ktestar blir det innhenta samtykke fr   foreldra i forkant. Gol barnehage har samarbeid med privatpraktiserande logoped. Vi leiger henne inn n  r det er undringar rundt spr  kutvikla til eit barn. Logoped kan observere, gjennomf  re spr  ktestar og arbeide med enkeltbarn. Foreldre m   gje samtykke i forkant av at logopeden startar opp arbeidet.

3.8: Samiske barn:

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
- Samiske barn f��r st��tte til �� utvikle og bevare sitt spr��k, sin kunnskap og sin kultur - Barn f��r m��te samisk spr��k og kultur.	- Ha kjennskap til samisk kultur. Viss samiske barn g��r i barnehagen skal det ogs�� leggjast vekt p�� den samiske kulturen - Markere den samiske nasjonaldagen 6. februar kvart ��r uavhengig om barnehagen har samiske barn.



4. Arbeidet med barns medverknad

Barn skal f   erfare    f   p  verke det som skjer i barnehagen.

Barn og vaksne skal gjensidig p  verke kvarandre i dagleg samv  r, og i val av aktivitetar.

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
- Erfare �� f�� p��verke det som skjer i barnehagen - Trene p�� �� b��de vera ein del av ei gruppe, og ogs�� �� kunne hevde eigne ynskjer og behov - I samspel med andre f��r barna nyttige erfaringar om seg sj��lv, og seg sj��lv i lag med andre - Her skjer ogs�� utvikling av spr��k og kommunikasjon. Dei trener p�� �� l��re seg �� samarbeide, ta avgjerder, l��yse oppg��ver og �� vurdere problem.	- Vera tilgjengeleg, og gje tid - Bekrefta og anerkjenne barna sine tankar og opplevingar - Hjelpe barna til �� ta val, gje barna handlingsalternativ, og gjera tydeleg konsekvensen av val - Vise barna at det finst rutinar og faste avtaler p�� ein del omr��der (l��re god folkeskikk, l��re �� f��lgje reglar) - Legge til rette for medverknad tilpassa alder, erfaringar, f��resetnadar og behova til barna - Gjennomf��re planlagte barnesamtaler ein gong i ��ret, og elles ved behov. Fokus p�� at barna skal bli sett og h��yrt kvar dag.

5. Samarbeid mellom heimen og barnehagen

5.1: Foreldresamarbeid:

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnet sitt beste som mål, og det skal leggst til rette for god dialog mellom heim og barnehage.

Det skal vera ein gjensidig respekt for dei oppgåver og det ansvaret ein har i forhold til barnet.

Barnehagen skal møte foreldre frå ulike kulturar med respekt, lydhøyre og innsikt.

Foreldra skal sikrast medverknad gjennom samtalar, foreldrerådet og samarbeidsutval.

Dagleg kontakt

Alle barn og foreldre har kontakt med personalet ved levering og henting.

Foreldresamtaler

Alle nye foreldre får innkalling til ei startsamtale. Målet er at foreldra og personalet skal bli betre kjende med kvarandre. Foreldra kan fortelja om kva som er viktig for deira barn.

Alle foreldre får innkalling til to foreldresamtalar i året, foreldre eller barnehagen ber om fleire samtaler ved behov.

Foreldremøte

Foreldra blir inviterte til minst to foreldremøte kvart år, haust og vår. Møte om våren er eit felles foreldremøte med tema.

Møta skal innehalde generell informasjon om barnehagen og barna sin kvardag der. Det er høve til å ta opp tema som er av allmenn interesse for småbarnsforeldre.

Aktiv bruk av foreldresamtaler og foreldremøte gjev foreldra eit godt høve til å vera med på å utvikle og ha medverknad i barnehagen.

Foreldrenettverk

Barnehagen oppfordrar foreldre til å danne nettverk. Barnehagen etablerer nettverksgrupper etter barnas alder på foreldremøte om hausten. I kvart kull får ein forelder ansvar for å være pådrivar for å fortsette nettverket.

Når foreldre kjenner til kvarandre kan det vere lettare å få til godt samarbeid og det kan skape eit positivt miljø rundt barna. Når barn ser at foreldre har kontakt kan dei føle seg tryggare og meir inkludert både i barnehagekvardagen og utanom barnehagen. Nettverk mellom foreldre legg til rette for erfaringsutvekslingar og støtte i barnas utvikling og oppvekst.

Foreldrenettverk gir rom for å inkludere alle familiar.

Vurdering

Alle foreldra blir inviterte til å delta i ei årleg vurdering av barnehagetilbodet. Normalt vil det vere brukarundersøking frå Utdanningsdirektoratet. Den kan variere noko i innhald, og vil vanlegvis bli sendt ut elektronisk. Den blir scora for kvar barnehage i tillegg til avdelingane.

I tillegg brukast foreldresamtalene, møter og ev. lokale spørjeskjema ved behov til evaluering.

5.2: Barnehagen sine forventningar til heimen:

Barna må ha praktiske klede til å leike i barnehagen både ute og inne i all slags vær sommar som vinter. Personalet i barnehagen gjev praktisk informasjon om barnehagekvardagen.

- Foreldra må gje melding om barna skal hentast av andre enn dei som hentar til vanleg
- Dersom barnet er sjuk, eller skal ha fri er det viktig at foreldra gjev melding om dette
- At foreldra deltek aktivt i foreldremøte og andre arrangement i barnehagen
- At foreldra møter til avtalte foreldresamtalar; det er viktig og halde seg orientert om

barnet og ha ein god dialog heim/barnehage

- Foreldra må vera aktive i å ta imot informasjon og halde seg orientert
- Svarar på brukarundersøkingar og anna evaluering til hjelp for dei tilsette, slik at foreldra kan medverke og bidra til at barna har det best mogleg
- At foreldra viser omsorg og engasjement, og har realistiske forventningar til sine barn
- Foreldre må vise respekt for andre barn og foreldre, og prate positivt om andre barn og foreldre til eigne barn
- Ved endringar i familiesituasjonen til barnet er det viktig at barnehagen får beskjed. Slike endringar påverkar barnet i høg grad, og då er det nødvendig at dei vaksne i barnehagen er informert slik at dei kan vera ei best mogleg støtte for barnet
- I samarbeid med barnehagen jobbar vi for at barna skal utvikle ein robustheit slik at dei kan meistre det livet har å by på. Det å tenkje «vi» og fellesskapet, i staden for meg og mitt.

I tilfelle der mor og far ikkje bur saman, er det nødvendig for barnehagen å veta kor barnet har folkeregistrert adresse, og fordeling av samvær mellom foreldra. Det må også gjevast melding dersom ein av foreldre ikkje har rett på informasjon om barnet frå barnehagen, eller dersom mor eller far ikkje har rett til å hente barnet i barnehagen. Barnehagen må ha dette skriftleg frå rettsleg instans.

5.3: Samarbeidsutval:

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet har rett til å uttale seg i saker som er viktig for innhaldet i barnehagen, for verksemda og for tilhøvet til foreldra. Slike saker er mellom anna årsplan, driftsendringar, utnytting av ute- og inneareal. Styrer deltek på samarbeidsutval møter på sitt hus. Verksemdsleiar og styrar deltek på felles samarbeidsutval møter, og har ansvar for å leggje fram saker av viktighet i møte. Dei har tale og forslags rett.

Samarbeidsutvalet for kvar barnehage har slik samansetting:

- 2 foreldrerepresentantar for kvart barnehagehus, valt for 1-2 år (i tillegg personleg vara)
- 2 personalrepresentantar for kvart barnehagehus, valt for 1-2 år (i tillegg personleg vara).

Felles samarbeidsutval for Gol barnehage har slik samansetting:

- 1 foreldrerepresentant for kvart barnehagehus, valt for 1-2 år (i tillegg personleg vara)
- 1 personalrepresentant for kvart barnehagehus, valt for 1-2 år (i tillegg personleg vara)
- 1 politisk representant og ein fast vara for Gol kommune, valt for valperioden for kommunestyret.

5.4: Foreldreråd:

Foreldrerådet skal fremja fellesinteressa til foreldra, og sjå til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldra har ein god dialog og skapar eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet har rett til å uttale seg i saker som er viktige for foreldra sine tilhøve i barnehagen.

Foreldrerådet er foreldra til alle barna ved det enkelte barnehagehus.

Ved avstemming i foreldrerådet blir det gjeve ei stemme til kvart barn, og det er vanleg fleirtalsvedtak som gjeld.

Foreldrerådet vel faste representantar og vararepresentantar til samarbeidsutvalet.

Kvart barnehagehus har eit arbeidsutval (FAU), festkomité, dugnadskomité osv.

6. Overgangar

6.1: Oppstart for nye barn:

Barn og foreldre sitt utbytte:	Vaksne skal:
• Barn og foreldre skal oppleve trygge og omsorgsfulle vaksne • Få tid til å bli kjent og få tilpassa rutinar • Etablering av gode relasjonar	• Sørge for tett oppfølging den første tida tilpassa den enkelte familie • Dei vaksne skal gi omsorg og tryggleik til barn og foreldre samt vere fleksibel i forhold til barn og foreldra sine behov.

Organisering ved oppstart av nye barn i Gol barnehage:

- Foreldremøte for alle nye foreldre i juni
- Besøksdag i barnehagen før oppstart
- Personalet fastsett oppmøtetidspunkt den første dagen i barnehagen. Deretter gjer personalet individuelle avtalar med foreldra ut i frå foreldre og barn sine behov
- Foreldra blir oppmoda til å ha korte dagar for barnet i starten, og å bruke god tid, spesielt for dei minste barna. Foreldre blir også oppmoda til å sette av litt ferie/permisjon til tilvenning
- Alle nye familiar får kvar sin perm med informasjon, årsplan osv.
- Nye barn har ein kontaktperson, personalet forsøker å vere fleksible slik at barna opplever mest mogleg stabilitet og føreseielegheit
- Viktig med foreldresamtale i løpet av den første tida, helst i løpet av dei første 14 dagane.
- Barnehagen deltek kvart år på tematreffet «En god overgang frå heim til barnehage» i regi av helsestasjonen. Dette er for foreldre til barn mellom 0-15 månader.

6.2: Arbeid med overgangar i barnehagen, eller mellom barnehagar:

- Pedagogisk leiar på avdelinga førebur både barn og foreldre på overgangen i god tid
- Ved overgang mellom avdelingar får barna gå på besøk til ny avdeling i god tid før overgangen skjer
- Overgangsmøter med nytt og «gamalt» personale slik at personalet får viktig informasjon om barna dei overtar
- La barna få delta i «flytteprosessen»
- «Stor hjelper liten» der ungane som går på barna sin nye avdeling kan ta godt i mot dei nye.
- Ved bytte til annan barnehage internt i kommunen, eller til ny kommune, blir det innhenta samtykke frå foreldre til å overføre informasjon til ny barnehage.

6.3: Samarbeid med skulen; overgang barnehage – skule:

Det er viktig at barn og foreldre får oppleve ein god overgang frå barnehagen til skulen og eventuelt skulefritidsordning. Ein god overgang fremmar vidare læring. Barnehage og skule skal jobbe mot felles mål som inneber at barna skal få ein god overgang, og at skule og barnehage samarbeider om førebunde lese- og skriveopplæring og for eit inkluderande miljø.

Det er laga ein felles plan for samarbeid mellom barnehage og skule i Gol kommune som avslutning av prosjektet «Felles løft for tidleg innsats» i 2014. Her er det sett opp eit årshjul for kva samarbeidet skal innehalde, og kven som har ansvar. Planen ligg på Gol kommune si heimeside.

Utviklingsarbeidet Inkluderande barnehage- og skulemiljø er også eit felles prosjekt i samarbeid med skula som er med på å skape ein god og meir føreseieleg overgang frå barnehage til skule. Prosjektplan ligg på Gol kommune si heimeside.

Når det skal gjevast informasjon om enkelt-barn blir det innhenta skriftleg samtykke frå foreldra.

Siste året før skulestart deltek barna i ei gruppe saman med dei andre i barnehagen som er skulestartar neste haust: "Førskulegruppe".

Sjå i tillegg pkt. 8.4 Målsettingar for arbeidet i 5/6- årsgruppene.



7. Barnehagen som pedagogisk verksemd

7.1: Innhald:

Rammeplan seiar at innhaldet i barnehagen skal:

- ta omsyn til barna sin alder og utvikling (progresjon)
- planleggast med kvardagsaktivitetar, leik og temaopplegg innafor 7 fagområde
- støtte sosial -og språkleg utvikling hos kvart barn
- gje leiken ein framståande plass, og barna skal ha ein stor fridom til å påverke valet av aktivitetar og organisering av barnehagedagen (medverknad)
- ha fokus på danning
- formidle verdiar og kultur, og gje rom for barna sin eigen kulturskaping.

Rammeplanen fastset kva barnehagen skal bidra med for at barna skal få erfaringar og opplevingar innanfor alle fagområda. Planen framhevar viktigheita av personalet sine haldningar, kunnskap og ferdigheiter til å møte, forstå og oppdra barn til aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn. Planen har både eit "her og no", og eit framtidsperspektiv. For å oppnå dette må barnehagen vere ein lærande organisasjon.

7.2: Årsplan:

Barnehagelova pålegg alle barnehagar å ha ein årsplan.

Foreldra skal vera med på å påverke innhaldet i årsplanen ved deltaking i foreldremøte, svare på spørjeskjema, og via foreldrerepresentantane sitt arbeid i samarbeidsutvalet.

Årsplanen til den enkelte barnehage byggjer på rammeplanen og seier noko meir konkret om kva barnehagen/avdelinga ynskjer å arbeide spesielt med det kommande året. Kvar barnehage/avdeling lagar også halvårleg pedagogisk plan over innhaldet. Dette er eit tillegg til denne Felles årsplanen. Alle sist oppdaterte årsplanar ligg på Gol kommune si heimeside.

7.3: Arbeid med tema og prosjekt med barna:

Barnehagen skal støtte barna sin nysgjerrighet og lærelyst, og bidra til eit godt grunnlag for livslang læring.

Læring skal skje gjennom lek, omsorg, undring, opplevingar og erfaringar.



7.4: Planlegging, dokumentasjon og evaluering:

Gol barnehage nyttar ein felles didaktisk planleggingsmodell for delar av det pedagogiske arbeidet (FEMIA-modellen). Det vil si at mål, innhald og arbeidsmetodar blir fastsatt, ein vurderer og dokumenterer undervegs, og evaluerer arbeidet.

Barnehagepersonalet evaluerer arbeidet kvar månad; månadsbrev til kvar heim, og halvårlege pedagogiske evalueringar.

I tillegg vil det vera høve der enkelte avdelingar peikar seg ut spesielle områder dei ynskjer å evaluere, dette vil komma fram i årsplanen for avdelinga. Bakgrunnen for slike val kan vera innspel frå foreldra, sentrale krav, eller områder der personalet ynskjer ei spesiell satsing.

7.5: Prosjekt-/utviklingsarbeid for personalet:

Barnehagane i Gol utviklar seg gjennom planlagde prosjekt og regionalt samarbeid, med mål om å sikre høg kvalitet og tidleg innsats i arbeidet med barn. Sidan 2008 har Hallingdal hatt ei felles satsing på språkleg og sosial utvikling, og på å styrke kompetansen hos dei vaksne som møter barna i kvardagen.

Gjennom dette arbeidet har ein bygd ein felles fagleg plattform og ein kultur for refleksjon og profesjonsutvikling. Sentralt står «den bevisste vaksne» – ein tilsett som møter barna med medvit, kunnskap og omsorg. Dette arbeidar vi kontinuerleg med og det vidareførast gjennom kompetansetiltak som støttar inkluderande praksis og utvikling av pedagogiske prosessar.

Gol deltek no i den regionale satsinga Kompetanseløftet, som har som mål at alle barn skal oppleve eit trygt og inkluderande barnehagemiljø med moglegheit for utvikling, meistring og trivsel – uavhengig av individuelle føresetnader. For å lukkast med dette må barnehagar, PP-tenesta og andre fagmiljø samarbeide tett. Tilsette må ha kompetanse til å oppdage utfordringar tidleg, førebygge utanforskap og tilpasse det pedagogiske opplegget til alle barn – også dei med særskilte behov. Dei må også kunne vurdere når det er nødvendig å hente inn spesialisert kompetanse og rettleiing frå instansar som Statped.

7.6: Barn med behov for individuell tilrettelegging:

Barnehagen har eit ansvar for å oppdage barn med særskilte behov så tidleg som mogleg, og gje dei eit tilrettelagt tilbod. Tilrettelegginga kan gjelde både pedagogiske, sosiale og fysiske forhold.

Barn med funksjonshemningar skal ha prioritet ved opptak, dersom dei etter ei sakkunnig vurdering har nytte av opphaldet.

Spesialpedagogisk personalet og anna støttepersonale deltek så langt det let seg gjera i avdelingsmøte. Det skal vera ei sikring for at barn med ekstra hjelpebehov blir tatt med i den totale planlegginga og evalueringa av barnegruppa. Dette personalet er ein del av avdelinga og skal bidra med fagleg kompetanse også innom anna pedagogisk arbeid.

7.7: Ansvarsgruppemøte:

Det blir oppretta ansvarsgrupper der barnet har samansette hjelpebehov, og der fleire instansar er involvert.

I ansvarsgruppemøte deltek foreldra, barnehage og fagpersonell som er involvert og eventuelt andre viktige vaksne viss foreldra ynskjer det.

Det sendast søknad til koordinerande eining i Gol kommune viss barnet har behov for langvarige og koordinerte sosiale- og helsetenester og dei då har krav på ein koordinator og ein individuell plan (IP). Meir informasjon om koordinerande eining finn ein på

www.gol.kommune.no.

7.8: Utarbeiding av Individuell utviklingsplan (IUP):

Alle barn som er tildelt spesialpedagogiske ressursar (eit enkeltvedtak etter samtykke frå foreldra), får utarbeida ein IUP. Dette kan ev. vere ein del av ein Individuell plan for barn der fleire hjelpeinstansar er involvert. IUP skal utarbeidast på fastlagt skjema, og i samarbeid med foreldra, og andre samarbeidspartnarar.

Utviklingsplanen blir evaluert kvart halvår.

7.9: Tverrfagleg samarbeid:

Alle avdelingane i Gol barnehage har eit samarbeid med helsestasjon, PPT (pedagogisk-psykologisk teneste), barnevern, skule, fysioterapeut og psykisk helsevern. Målet for samarbeidet er barnet sitt beste, at vi kan komme saman til felles undring og refleksjon og at tiltak blir satt inn på eit tidleg tidspunkt. Tidleg innsats for barn vil fremje utviklinga vidare i livet. Samarbeidet kan vera av generell art, og dersom foreldra samtykkjer kan det gjelde enkeltbarn.

Alle tilsette i Gol barnehage har teieplikt.

Trygg oppvekst Hallingdal: Er ein samhandlingsmodell for å utvikle betre tverrfagleg innsats (BTI) som barnehageverksemda har vore med å utvikle og tatt i bruk. Fokuset er å fange opp undringar og sette inn tiltak så tidleg som mogleg til det beste for barn og deira familie. Barnehagetilsette har opplysningsplikt til barnevernet og NAV sosialavdeling i kommunen. Opplysningar skal i hovudsak gjevast av leiinga i Gol barnehage.

7.10: Sorg -og krise team:

Gol kommune har eit sorg – og kriseteam.

Teamet har ei nettverksgruppe som er sett saman av representantar frå kommunale og private arbeidsplassar i Gol. Gol barnehage er medlem i denne nettverksgruppa. Gol barnehage har utarbeida ein eigen sorg og kriseperm.

8. Arbeidsmåtene i barnehagen

Arbeidsmåtene til personalet skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppene og lokalmiljøet, og vere med å gjere innhaldet i barnehagen spennande og variert.


8.1: Progresjon:

Progresjon i barnehagen inneber at alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Dei vaksne skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får variert høve til lek, aktivitetar og læring. Dette inneber at personalet skal utvide og byggje vidare på barnas interesser, erfaringar og opplevingar slik at barna får mestringsopplevingar, samtidig som dei har noko å strekke seg mot.

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
• Det skal vera progresjon slik at barna kvart år deltek i aktivitetar som er tilpassa deira utviklingsnivå • Barna skal vera aktive deltakarar.	• Ansvar for å velja ut aktivitetar som barna viser interesse for og opplever at dei har medverknad på • Leggje vekt på å inspirere barna • Bruke kvardagssituasjonane som læringsarena • Ha fokus på eit godt læringsmiljø.

8.2: Autoritativ vaksenstil:

Barnehagepersonalet skal vere **autoritative vaksne**, som betyr at dei tilsette gjev mykje omsorg og varme, samstundes som dei sett grenser og har kontroll. Det vil seie å vere ein tydeleg og føreutsigbar vaksen i sitt arbeid med barna. Denne vaksenstilen er også viktig for personalet å vidareformidle i samarbeidet med foreldra.



8.3: Arbeidet med 1-2 åringer:

Barn sitt utbytte:	Vaksne skal:
• Opplevingar og erfaringar skal fyrst og fremst knytast til kvardagsaktivitetar ○ Utforske leikemateriell ○ Prøve sjølv - ved måltid og i påkledning ○ Begynne å sjå seg sjølv som ein del av ei gruppe.	• Tolke barna sine uttrykk både verbale og non-verbale, for på den måten å finne ut kva det enkelte barn er opptatt av og kva det forstår/meistrar og for å vidareutvikle forståing og kunnskap • Vera gode rollemodellar i forhold til sosial kompetanse, eks dele leiker, ta positiv kontakt, trøste • Spesielt viktig er det at dei vaksne er gode språkmodellar. Eks setta ord på eigne handlingar, setta ord på det barn gjer.

8.4: Arbeidet med 3-4 åringar:

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
• Barna skal no i større grad kunne velje seg leikekameratar og leikeinnhald ○ Lytte til andre sine initiativ, forstå turtaking ○ Barna skal få høve til i større grad å vera sjølvstendig og deltakande i kvardagsaktivitetar.	• Leggje til rette for leik i små grupper der barna sjølv kan ta initiativ til leik med kvarandre • Gjera leikene tilgjengeleg for barna på ein slik måte at det inspirerer til at barnet sjølv kan vidareutvikle leiken • Leggje til rette for kvardagsaktivitetar slik at barna får høve til å vera sjølvstendige.

8.5: Arbeidet med 5-/6-åringane:

Det er utarbeida ein eigen plan for overgang barnehage-skule, gjeldande frå januar 2015, som personalet i barnehagen og skulen jobbar ut i frå, som vist til tidlegare, sjå og Gol kommune si heimeside.

Barna sitt utbytte:	Vaksne skal:
• Vidareutvikle ferdigheiter innan motorikk, konsentrasjon og sjølvstendigheit ○ Trene på å kunne meistre konfliktløysing på eigen hand • Det siste året før skulestart skal alle barn få tilbod om å delta i ei gruppe for skulestartarne i barnehagen ○ Gruppa skal vera samla ca. ein gong i veka ○ Gled seg til skulestart ○ Føle at det er ein samanheng mellom barnehage og skule • Få ein god avskjed med barnehagen	• Ta fatt i barna sine innspel, bruke desse til å gje ny kunnskap, nye opplevingar og ferdigheitar • Gje utfordringar for alle barna i gruppa • Arbeide med struktur og rutinar • Bekrefte barna sine ferdigheiter og kunnskap, og ved dette skape trygghet for skulestarten • Hjelpe barna med å finne gode strategiar for eksempel konfliktløysingar og å skaffe seg nye venner • Ha stort fokus på leiken, den arenaen som barna lærer aller mest.

Alle gruppene skal innom desse områda:

- Begrepslæring (BU), leikprega lese- og skriveførebuande aktivitetar
- Rekneførebuande aktivitetar; leik med mengder og tal
- Ta i mot beskjedar, meistre påkledning, halde reie på utstyr, trene på å meistre personleg hygiene
- Legge til rette for at barna øver seg på finmotorikk (blyantgrep, klippe osv.)
- Gje inspirasjon og motivasjon til leik med teikning og skiving og teknikk
- Sette av tid til høgtlesing
- Nytte dikt, rim og regler for å øve seg på å lytte til rytme og lyd i ord
- Nytte språkgrupper for fleirspråklege til å førebu barna på innhaldet i gruppa for skulestartarane
- Skape god forventning; glede seg til skulestart kan bidra til at barna kjenner seg trygge på kva skulen er
- Jobbe med sosial kompetanse: trene på å vera i fokus, og å forstå kvifor ein skal opptre støttande overfor venner (førebygge mot krenkingar og mobbing)
- Barnesamtaler der temaet kan vere barna sine forventningar og tankar omkring skulen
- Arbeide med trafikktryggleik

Som ein del av overgangsplanen er det utarbeida eit årshjul for aktivitetar og treffpunkt for førskuleborna, og samarbeid mellom barnehagen og skulen det siste året i barnehagen.

8.6: Trafikktryggleik:

Gol barnehage har godkjenning som Trafikksikker kommune og barnehage frå 2019.

Det er utarbeida dokument som skal brukast i dette arbeidet med barn, foreldre og tilsette:

- Trafikkplan med tema, mål, tiltak, kjenneteikn og ansvar
- Rutine for trafikksikkerheit
- Arbeid med trafikksikkerheit med dei ulike alderstrinn.



Barnehagen nyttar seg mellom anna av «Tarkus» og «Barnas trafikkklubb» når det arbeidast med tema trafikk med barna.

Trafikkplan og rutinar ligg på Gol kommune si heimeside.

8.7: Den digitale praksisen i barnehagen:

Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosesser. I samband med bruk av digitale verktøy skal personalet vere aktive saman med barna, og dette må brukast med omhug og ikkje dominere som arbeidsmåte. Personalet må utøve digital dømmekraft /nettrett og bidra til at barna utviklar ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium. Barnehagen skal vere med på å skape ein sund relasjon til digitale media.

Vaksne skal legge til rette og vere saman med barna så dei utforskar, leiker, lærer og sjølv skapar noko med digitale verktøy.

Dømer på aktivitetar barnehagane gjer:

- Bruk av iPad, kamera og pc: ute på tur, språkstimulerande aktivitetar, ta bilete/film, søkje opp informasjon på nett
- Barnehagen skal bruke nettrett, og kjenne til og følgje reglar for personvern.

9. Fagområda i barnehagen

9.1: Dei 7 fagområda i Rammeplanen:

Kvart fagområde i Rammeplanen dekkjer eit vidt læringsfelt, dei går mykje inn i kvarandre, og ein arbeider aldri med kunn eitt fagområde i gongen. Barnehagane vil jobbe med at alle barn skal få høve til å møte utfordringar som svarar til barna sitt utviklingsnivå. Dette vil komma fram i årsplan og evalueringar for den enkelte barnehage.

Leiken, barnas interesser for fagområda og rett til medverknad skal ivaretakast. Barnehagen skal arbeide med læringsprosessen, det er ikkje sett krav om spesifikke læringsmål for barna, men rammeplanen sett mål og krav til dei vaksne.

9.2: Fagområde kommunikasjon, språk og tekst:

Arbeid med fagområdet skal bidra til å utvikle og utforske språkforståing, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer.

Døme på aktivitetar barnehagen gjer:

- Dialekt; ord, song, fortelling
- Dialogisk lesing
- «Snakkepakka» med bruk av konkretar
- Begrepsundervisning (BU); støtte til førebuande lese- og skriveinnlæring
- Song, rim og regler
- Spele spel; både brettspel, samarbeidsspel og puslespel
- Besøk på biblioteket

- Teikn til tale
- Leikeskriving



Sjå i tillegg pkt. 3.7 Arbeid med språk og kommunikasjon.

9.3: Fagområdet kropp, rørsle, mat og helse:

Gode vaner som ein lærar seg i barnehagealder, kan vare livet ut! Barnehagen må legge til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barnehagen skal også bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine egne og andre sine grenser.

Døme på kva aktivitetar barnehagen gjer:

- Barna deltek i matlaging og blir oppmuntra til å smake på maten som er laga, fokus på sunn og variert mat
- Barnehagen får tilkøyrd eit måltid med varmmat frå helsetunet ein gong i veka
- Bruk av fleirbrukshallen
- Tema om naudetatane og om førstehjelp der mellom anna førstehjelpsbumsen «Henry» blir nytta. Alle barna deltek i brannøving med evakuering minst ein gong i året, og det er fokus på kva som er førebyggjande tiltak for å unngå brann
- Fysiske utfordringar i naturen. I naturavdelinga blir dette fagområdet spesielt vektlagt saman med natur, miljø og teknologi.

Sjå i tillegg pkt. 1.9 Barnehagen sitt arbeid med livsmeistring og helse.

9.4: Fagområdet kunst, kultur og kreativitet:

Barnehagen skal gjennom opplevingar med kunst og kultur i barnehagen leggje grunnlag for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeid.

Døme på kva aktivitetar barnehagen gjer:

- Teater, song, tradisjonar. Barnehagen lager sjølv små teaterførestillingar som visast fram for andre barn i barnehagen og nokon gonger på foreldrekaffi. Profesjonelle teateraktørar/musikarar kjem til barnehagen 1 gong i året og held førestilling for barna og barnehagen reiser på konsert i regi av kulturskulen
- Kunstutstillingar i regi av barna og turar til kunstutstilling på «Galleri Gol»

- Stimulere barna sine kreative evner gjennom m.a. å teikne, måle, klippe, lime.

9.5: Fagområdet natur, miljø og teknologi:

Barnehagen skal gje barna opplevingar og erfaringar i naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen i ulike årstider, og leggje til rette for eit mangfald av naturopplevingar, vere nysgjerrige på naturvitskapleg fenomen og bruke teknologi og reiskapar. Alle barnehagane skal bruke dette fagområdet aktivt. Dette fagområdet er hovudsatsinga til naturavdelinga gjennom heile året.

Døme på kva aktivitetar barnehagen gjer:

- Ut på tur i all slags vær; eks. ski, skøyter, vannleik, bygging, bruke naturmateriale, sjå på insekt og dyrespor/dyreliv
- Matlaging i barnehagen og på tur
- Eksperimenter med vann, snø og andre materiale
- Snekring
- Vår-rydding ute
- Sjøppelsanking og sortering

Sjå i tillegg pkt. 1.8 Barnehagen sitt arbeid om og med berekraftig utvikling.

9.6: Fagområdet mengd, rom og form:

Dette fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelpe barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet, og legge til rette for å utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur.

Barna får mykje erfaringar med mengd, rom og form i barnehagekvardagen. Dagleg møter barna tall og teljing, og vi følger barna gjennom deira telleutvikling.

Døme på kva aktivitetar barnehagen gjer:

- Barna blir tidleg bevisst sin alder, de teller på fingrane, ser tal på bursdagskrone
- Dei lærer at kvart talord høyrer til ein gjenstand og at det siste talet er tal gjenstandar til saman
- Det er ofte snakk om tall barn som er på avdelinga eller som går på tur
- Barna orienterar seg i nærområdet rundt barnehagen
- Teiknar skattekart leiker med former og mønstre i kreativ aktivitet, leik og spel
- På tur finnast mange spennande ting; ein liten pinne, ein lang, ein stor stein og ein større
- Ofte er store ting tunge, men noen gonger er dei lettare enn ein liten ting
- Runde ting kan rulle og trekantar lager sterke konstruksjonar

Barna gjer samanlikningar og erfaringar som er viktige for å forstå verden rundt seg.

Dagleg er barna med å rydde; da sorterar/kategoriserer, forklarar og argumenterer barn og personalet for kva som høyrer saman. Ligger de saman fordi dei har same form, farge eller funksjon? Ved baking og matlaging målast ingrediensar og det fordelast mat til barna. Ein til kvar, alle får likt, nokon har spist meir enn andre og nokon har spist mest.

9.7: Fagområdet etikk, religion og filosofi:

Fagområdet skal vere med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske.

Døme på kva aktivitetar barnehagen gjer:

- Barnesamtalar med einskilde barn, små og store grupper
- Dokumentere og samtale om barna sine familiar; likskap og forskjellar
- Tema rundt høgtider og tradisjonar; norske og til det einskilde barn som går i barnehagen i samarbeid med heimane.
- Ulike punkt frå barnekonvensjonen.

Sjå i tillegg pkt. 1.2 Gol barnehage sitt pedagogiske grunnsyn, pkt. 1.5 Barnehagen sitt arbeid med demokrati, pkt. 1.6 Barnehagen sitt arbeid med mangfald og gjensidig respekt, og pkt. 3.8 Samiske barn.

9.8: Fagområdet nærmiljø og samfunn:

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlag for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda, og bidra til kunnskap og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nærmiljøet.

Døme på kva aktivitetar barnehagen gjer:

- Besøke arbeidsplassar
- Besøke samfunnsinstitusjonar i Gol
- Gjere seg kjent med lokalmiljøet rundt barnehagen
- Markere huset til barna på kart over Gol/besøke «trappa» til barna (dvs. tur for å oppsøke huset til dei som bur i nærleiken av barnehagen).

Sjå i tillegg pkt. 1.5 Barnehagen sitt arbeid med demokrati, pkt. 1.6 Barnehagen sitt arbeid med mangfald og gjensidig respekt, pkt. 1.7 Barnehagen sitt arbeid med likestilling og likeverd, og pkt. 3.8 Samiske barn.

